

# Legeplan

HELSE OG OMSORG > TEMAPLAN 2018 - 2022





## Forord

Vanylven kommune ønskjer ei utvikling som styrkjer innbyggjarane sitt ansvar for helse, trivsel og mestring og syner til at helse ikkje vert skapt primært i helse- og omsorgssektoren, men derimot på alle livsarenaer.

Vidare er det ei brei oppslutning om at ei godt utbygget allmennhelseteneste skal vere grunnmuren i helsetenesta i Norge. Og ein god allmennlegeteneste har stor tyding for alle innbyggjarane Vanylven - anten dette gjeld å få ein fastlege, nytta seg av førebyggjande helseteneste eller ta i mot medisinsk behandling.

Endringar i ulike lovverk, og nye reformer, innan helse og omsorgsfeltet stiller krav til at både kommunen og legane er i stand til å omstille seg. Endring i busettinga; auka krav frå innbyggjarane; større del eldre og innføring av nye reformer er døme på endringar i arbeidsoppgåver og kompetansekrav for legane. Dette medfører krav om meir samarbeid eksternt så vel som internt.

Vanylven kommune skal sikra framtidig god dekning av fastlegetenesta til innbyggjarane gjennom riktig dimensjonering av vårt legekontor. Tenesta skal vere tilgjengelege for alle og bera preg av kontinuitet, og dessutan høg grad av kvalitet.

I denne temaplanen vert gjeve eit overordna og langsiktig perspektiv på fastlegetenesta i kommunen og at dimensjonering av legetenesta er i samsvar med endring i befolkninga og helsetilstanden i kommunen. Planen skal i tillegg sikra at krav til tilgjengelegheit, kvalitet og samhandling vert i samsvar med lovverket. Planen skildrar vidare legetenesta i kommunen, utfordringar, innsatsområde, mål og tiltak. Planen er utarbeidet med innspel frå kommunalsjef og kommunelege.

Vanylven kommune har fokus på å sikre at alle tenestetilboda er forankra i ein kommunal temaplan som sikrar involvering av brukarar, kommunen og våre politikarar. Utan ein temaplan som er godt forankra i alle ledd, er det ein fare for at det blir for stor avstand mellom dei som tek avgjersler og dei som utfører tenestane.

Legeplanen er ein plan som blir rullert annan kvart år i den 4-årige planperiode og skal vere førande for korleis kommunen skal utvikle og forbetre legetenesta.

Legeplanen er utarbeidet etter modell frå Asker kommunes legeplan, som har samtykka til at Vanylven kommune nyttar deira plan som modell.

Fiskå, november 2017

Andreas Christian Nørve  
Rådmann

*(oppdatert med nye tall tabell side 14-15 for 2018)*

## 1. Innleiing

Strategien fram mot 2022 byggjer på Nasjonal helse- og omsorgsplan, der det leggjast føringar for å snu ressursinnsatsen i helse- og omsorgstenesta frå reparasjon og behandling, og til tidleg innsats og førebyggjande arbeid. Gjennom ein slik dreining av tenesteprofilen, vert det opna for aktiv omsorg, slik at brukarar kan leva eit trygt, meiningsfullt og mest mogleg sjølvstendig liv.

I Samhandlingsreforma leggjast det også til grunn at det skal arbeidast meir førebyggjande og at ein større del av helsetenestane må skje nær pasienten – det vil seie i kommunane. Auka forventingar frå innbyggjarane; større del eldre og innføring av samhandlingsreforma, gjev endra og auka arbeidsoppgåver og kompetansekrav for legane i kommunen.

Temaplan for legetenesta i Vanylven kommune 2018-2022 er ein strategisk temaplan for legetenesta i kommunen. Planen gjeld for den allmenntedisinske- og samfunnsmedisinske verksemd, som vert utført av fastlegane og legar med kommunale oppgåver. Dimensjonering og kvalitet av legetenesta ved legevakta er også ein del av denne temaplanen, og det blir vist til at legevakta er ein integrert del av legekantoret i Vanylven kommune.

### 1.1 Forankring i styringssystemet til kommunen

#### 1.1.1 Kommuneplan 2009– 2020

Kommuneplanen er det overordna strategiske styringsdokumentet til kommunen og inneheld mål og retningsval for utviklinga til kommunen. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen vert utarbeidd for ein periode på 12 år og vert revidert kvart fjerde år. Den skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser, og det er i kommuneplanen fastsett følgjande mål for helse- og omsorgstenesta:

- høg kvalitet; til rett tid; på rett nivå og i rett omfang
- leggje vekt på brukaren sine eigne ressursar, muligheter og behov
- brukarmedverknad skal vere sentralt
- skal førebyggje, lindre og kurere sjukdom og skade
- auke innbyggjarane sin kunnskap om positive og negative helsefaktorar
- samhandling på tvers av tenestane
- sikre tenestane gjennom systematisk kvalitets- og internkontrollarbeid
- tenestane skal ytast utifrå gjeldande lovverk og på ein kostnadseffektiv måte

Kommuneplanen har ein handlingsdel som angjev korleis planen skal følgjast opp i fireårsperioden samt eit handlingsprogram som skal reviderast årleg.

#### 1.1.2. Handlingsprogram 2016 – 2019

Handlingsprogrammet for perioden 2016-2020 er vedteke av kommunestyre. Mål og rammer for heile kommuneorganisasjonen er vedteken her, og for helse- og omsorgssektoren skal det utarbeidast følgjande planar i perioden:

- Helse- og omsorgsplan (sektorplan) 2017
- Smittevernplan 2017
- Plan for busetting av flyktningar 2017
- Bustadsosial handlingsplan 2017

Temaplan for kommunale legeteneste kjem no som eit tillegg til dette handlingsprogrammet.

## 1.2. Føremål og behov

### Føremål

Legetenesta er ein viktig del av den totale helsetenesta til kommunen, og oppgåvene til legane finnast innan så vel førebyggjande oppgåver, som dei miljøretta og reint kurative. Denne planen skal bidra til ein heilskapstenking innan legetenesta i kommunen og dessutan å sikre ein forsvarleg dimensjonering og god kvalitet på offentlege allmennlege- og samfunnsmedisinske tenestar.

Denne temaplanen angjev retning og mål for utvikling av legeteneste i kommunen og viser sentrale satsingsområder som må leggjast til grunn for å nå måla. Temaplanen viser korleis føringar om endra tenesteprofil, styrkt brukarrolle, innovasjon, fagleg kvalitet og kompetanse bidreg til å nå måla.

### Behov

Det er brei oppslutning om at ein godt utbygget allmennhelsetenesta skal vere grunnmuren i helsetenesta i Noreg. Legetenesta er ein viktig del av kommunen sin totale tenesteoppgåver, så vel førebyggjande oppgåver, som dei miljøretta og reint kurative.

Ein god allmennlegeteneste har stor tyding for alle som bur og oppheld seg i Vanylven kommune. Det er tenestane til legane som blir etterspurt når det gjeld å:

- få fastlege
- ha godt drikkevatt
- nytta seg av førebyggjande helseteneste
- få medisinsk behandling dersom ein bur på sjukeheim
- få akutt medisinsk behandling

Temaplanen er utarbeidd for å sikra ei utvikling av legetenestane i Vanylven kommune dei neste fire åra i tråd med nasjonale- og lokale føringar, demografiutviklinga, helsetilstanden i innbyggjarane og dessutan nye og endra oppgåver.

## 2. Nasjonale og kommunale føringar, løyve- og avtaleverk.

### 2.1. Nasjonale føringar

#### Samhandlingsreforma, Meld. St. 47

Samhandlingsreforma er ei velferds- og forvaltingsreform som skal sikra eit berekraftig, heilskapleg og samanhengande tenestetilbod av god kvalitet, med høg pasienttryggleik og tilpassa den enkelte.

Reforma har medført ei ny kommunerolle og ansvar for nye pasientgrupper. Kommunane skal tilby tenestar som omfattar førebyggjande tiltak, utgreiing, behandling, pleie og omsorg, akuttberedskap, habilitering og rehabilitering samt oppfølging på tvers av sektorar.

Tenestane skal organiserast slik at den enkelte kan halda fram å leva eit trygt, meningsfullt og mest mogleg sjølvstendig liv til trass for sosiale og helsemessige problem eller funksjonssvikt. Tilgjenge til tenestane skal aukast, i tillegg til kvaliteten og kompetansen.

## **Framtida si primærhelseteneste, Meld. St. 26 (2014-2015)**

Framtida si primærhelsetenestemelding - nærleik og heilskap har fokus på heilskapelege pasientløp og tilbod, og er ein oppfølging og konkretisering av samhandlingsreforma. Helsetenesta til pasienten er i fokus og tenestar levert i nærleik til innbyggjarane er sentrale. Kommunane skal verte i stand til å oppfylle samhandlingsreformens intensjonar om koordinerte og heilskapelege pasientløp, meir førebygging og tidleg innsats, fleire tenestar nær der brukarane bur og at ein større del av tenestane vert levert i kommunane. For å sikra ein framtidsretta og pasientorientert teneste, må samfunnsoppdraget i sterkare grad enn i dag leggja vekt på brukarmedverknad, førebygging og proaktiv oppfølging. Då er det behov for ein annan type og fleirfagleg oppfølging over tid, medan personen bur heime. Denne utviklinga stiller auka krav både til både kapasitet og kompetanse, og dessutan samarbeid og god leiing i dei kommunale helse- og omsorgstenestane.

## **Nasjonal helse og sjukehusplan 2016-2019, Meld. St. 11**

Ein større desentralisering av og fleksibilitet på korleis spesialisthelsetenestar vert levert, skal styrke samarbeidet med kommunal helse- og omsorgstenestar. Samhandling med kommunane sine helse- og omsorgsteneste, vil vere avgjerande for at både primær- og spesialisthelsetenesta kan gje eit samla, godt og lokalt basert tilbod. For å sikra tilgjenge for pasientar og god utnytting av personellressursar, vil det vert stimulert nye arbeidsformer med meir bruk av ambulering, tverrfaglege team og teknologiske løysingar som telemedisin og e-konsultasjonar. Dei akuttmedisinske tenestane utanfor sjukehus vert også løfta opp som eit viktig samarbeidsområde.

## **Folkehelsemeldinga 2015 Meld. St.19**

Det førebyggjande og helsefremmende helsearbeidet skal styrkast med fokus på mestring. Arbeidet med livsstilsending skal få ei ny og meir positiv vinkling, og helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for at folk held seg friske lengst mogleg, gje god behandling og gje hjelp til å meistra livet med sjukdom og lidingar. Det skal utviklast ein ny og moderne eldrepolitikk som rettar merksemda mot tydinga av aktiv aldring. Fysisk aktivitet og dessutan samanheng mellom kosthald og helse vert òg framheva. Psykisk helse og rus er òg område som har fokus i meldinga.

## **2.2 Kommunale føringar**

### **Kommuneplanen 2009-2020**

Kommuneplanen er den overordna strategiplanen for kommunen når det gjeld utvikling av helse- og omsorgstenestane. Planen skildrar eit behov for berekraftig tenesteutvikling gjennom blant anna eit paradigmeskifte frå reparasjon til førebygging og tidleg innsats. Dette vil ha tyding for styrking av legetenestar på alle tenesteområde og dessutan auka fokus på samhandling mellom fastlegane og dei andre kommunale tenestane. Planen framhevar tydinga av arbeidsmetodar i møte med einskildmenneske som skal stimulere til størst mogleg grad av eigenmestring og sjølvstende på sikt. Den enkeltes ønske og røynsle om kva som hjelper og ikkje hjelper er viktig å ta omsyn til for å kunna yta god hjelp og støtte og sørgd for minst mogleg inngripen og der igjennom understøtte den enkeltes evne til sjølvhjelp og mestring.

Tenesteutviklinga i framtida må vere berekraftig, sett i tilhøve til ressursane til kommunen, både økonomiske og faglege. Ei endring av tenesteprofil ligg til grunn for dei tilrådde strategiane og er ein føresetnad for å møte framtidsutfordringane. Dette tyder blant anna at dei tenesteområda som skal utviklast, må styrkast og organisering av tenestane må underbyggje ein slik utvikling.

Oppgaveoverføringa frå spesialisthelsetenesta, og den endra profilen til tenesta, medfører at brukargruppene har meir komplekse medisinske problemstillingar, både blant institusjonsbrukarar, brukarar som bur i omsorgsbustad og i eigen heim. Legebemanning er ein av faktorane som påverkar kommunen sin bruk av spesialisthelsetenestar og dei skildra endringane vil utfordra kapasiteten til dei kommunale legetenestane og medisinskfaglege kompetanse. Fastlegetenesta vil oppleva auka behov for samhandling med blant anna heimesjukepleia. Kommunen pliktar å leggje til rette for samarbeidd med fastlegane på ein best mogleg måte.

### **Temaplaner innanfor helse- og omsorgssektoren**

Det er viktig at vi får på plass ulike temaplanar innanfor sektoren, i tillegg til legeplanen og dette ligg inn i planstrategien for 2016 til 2020.

## **2.3. Løyve- og avtaleverk**

### **Aktuelle lovar**

#### **Helse- og omsorgstenestelova**

Loven skildrar ansvaret til kommunane for å tilby naudsynte helse- og omsorgstenestar, irekna allmennlegetenestar. Loven har blant anna fokus på pasient- og brukartryggleik, plikta til kommunen til å sikre at representantar for pasientar og brukarar vert høyrd, systematisk innhenting av røynsleane til pasientar og synspunkt samt systematisk kvalitetsforbetring.

#### **Folkehelseloven**

Loven pålegg kommunane å fremme helse til innbyggjarane innan dei oppgåvene og med dei verkemidla kommunen er tillagt. Kommunen skal fremme helse til innbyggjarane, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale helseskilnader og bidra til å verne innbyggjarane mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa. Kommunen skal ha naudsynt samfunnsmedisinsk kompetanse for å ivareta oppgåver etter loven her.

#### **Løyve om vern mot smittsame sjukdomar**

Loven skal sikra at helsestyresmaktene og andre styresmakter, irekna kommunen, set i verk naudsynte smitteverntiltak og samordnar verksemda si i smittevernarbeidet. Fastlegane er òg underlagt denne lovgjevinga.

#### **Løyve om psykisk helsevern**

Loven skildrar offentleg styresmakt si, irekna kommunen sin og kommuneoverlegen sin, plikt til å sikre at etablering og gjennomføring av psykisk helsevern skjer på ein forsvarleg måte. Kommunelegen har plikt til å vedta tvangsundersøking om behov for legeundersøking er tilstade, når vedkomande ikkje ønskjer seg ei slik undersøking. Fastlegen vil ofte vere den legen som vert bede om å gjere undersøkinga.

#### **Løyve om helsepersonell**

Loven regulerer yrkesutøvinga til legar, samt rettar og pliktar i yrkesutøvinga.

Loven stiller krav om medisinsk fagleg forsvarleg yrkesutøving for det enkelte helsepersonell. Paragraf 10a pålegg helsepersonell å bidra til å ivareta mindreårige born som pårørande. Fylkesmannen har tilsynsrolle overfor den enkelte. Kommune har plikt til å leggje til rette for at loven kan oppfyllest.





## **Aktuelle forskrifter og avtaler**

### **Forskrift om fastlegeordning i kommunane (Fastlegeforskrifta)**

Ansvarsfordelinga mellom kommunen og fastlegane i fastlegeordninga er definert i fastlegeforskrifta av 01.01.2013 . Forskrifta stiller mellom anna krav om at pasientane skal få enklare tilgjenge til fastlegekontoret; tilbod om heimebesøk; i større grad tilbod om førebyggjande tiltak, og verta følgt opp når dei sjølv ikkje klarer å etterspørje tenesta. Det er fokus på fastlegens rolle som henviser til spesialisthelsetenesta, medisinskfagleg koordinator og dessutan samarbeid med dei andre kommunale tenestar. Forskrifta presiserer at kommunane har ansvar for at fastlegane fyllar tydelege kvalitetskrav til tenesta; skal sikra god integrering av fastlegeordninga med dei andre kommunale tenestar og dessutan leggje til rette for godt samarbeid mellom fastlegar, dei andre kommunale tenestar og spesialisthelsetenesta.

### **Forskrift om verdig eldreomsorg (Verdighetsgarantien)**

Frå 1. januar 2011 tredde ein ny forskrift om verdighet i eldreomsorga i kraft. Forskrifta har som føremål å sikra at eldreomsorga leggjast til rette på ein slik måte at den bidreg til ein verdig, trygg og meningsfull alderdom. Verdighetsgarantien peikar på kravet om fagleg forsvarleg oppfølging av lege og anna relevant personell, som sikrar kontinuitet i behandlinga.

### **Individuell avtale mellom kommunen og fastlegen**

Dette er ei avtale mellom kommunen og sjølvstendig næringsdrivande legar om allmennpraksis i fastlegeordninga. Avtalen vert regulert av fastlegeforskrifta. Her vert det avgjort blant anna opningstid, telefontid og anna kommunal oppgåve. Det fremgår av den individuelle avtala kva for legar som inngår i kollegial fråværsordning.

## **3 Dagens tenestar**

### **3.1 Organisering**

Den allmennmedisinske- og samfunnsmedisinske verksemd vert utført av fastlegane og andre legar med kommunale oppgåver. Med allmennmedisinsk verksemd ver i denne samanhengen meint fastlegetenestar og kommunale oppgåver ved legevakt, helse- og omsorgssenteret, helsestasjon- og skulehelsetenesta,. Med samfunnsmedisinsk verksemd vert meint medisinskfagleg rådgjeving og lokal helsestyresmaktsoppgåver.

### **Allmennlegeteneste i kommunal verksemd**

Kommunen organiserer allmennmedisinske oppgåver i kommunale institusjon og samfunnsmedisinsk verksemd. Den kommunale legeteneste er organisert under legekantoret som er organisert under helse- og omsorgssektoren

### **Fastlegetenesta**

Føremålet med fastlegeordninga er å sikre at alle får naudsynte allmennlegeteneste til rett tid, og at personar busett i Norge får ein fast allmennlege å forholde seg til. Ordninga er heimla i lov om helse- og omsorgstenestar.

Fastlegane utfører den største delen av allmennmedisinske tenestar i kommunen, og er ein integrert del av kommunehelsetenesta. Kommunen har ansvar for å sikre tilstrekkelege legeressursar gjennom inngåing av individuelle fastlegeavtaler og å følgja opp desse avtalene i samarbeid med legane. Kommunen koordinerer òg legetilgjenge, turnuslegeordninga og fastleganes offentlege kommunale oppgåver.

I forskrift om fastlegeordninga i kommunen er det definert følgjande i tilhøve til listetak, jfr. § 34 «Fastlegen skal ikkje ha fleire enn 2500 personar på lista si. Eit listetak lågare enn 500 personar må avtalast med kommunen».

Fastlegen sitt listeansvar dekker alle allmennlegeoppgåver innan somatikk, psykisk helse og rus for innbyggjarane på lista, dersom ikkje anna er presisert i lov eller forskrift.

### Finansiering

Drifta til legane blir finansiert gjennom basistilskott, trygderefusjonar og pasientane sine eigenandelar. Kommunen får fullfinansiert desse kostnadene gjennom rammetilskottet frå staten. Takstar for eigenandeler frå pasientane og takstar for trygderefusjonane, er fastsett nasjonalt.

## 3.2 Nøkkeltal og faktum

### 3.2.1 Folketalsutvikling

Vanylven kommune er ein kommune med 3 203 innbyggjarar (SSB 1. jan 2017). Kommunen har hatt nedgang i folketalet over fleire år. Vanylven kommune får ein skeivheit i befolkningsmansetninga og trekk ved alderssamansetninga i framskrivinga frå SSB viser ein ganske stor reduksjon i aldersgruppa 0 – 50 år, medan det vil koma ein kraftig vekst i andelen eldre.

Det vert forventa at det vil vere ein auke i mengd friske eldre, men likevel vil mengder personar som treng meir oppfølging auka når andel eldre aukar.

### Vekstområde - Senterstruktur

Vanylven kommune har vedteke ein langsiktig arealstrategi der senterstruktur og knutepunktutvikling står sentralt. Senterstrukturen i Vanylven kommune består av tre nivå; kommunesenteret på Fiskå; bygdesenter på Åheim og i Syvde, samt tre lokalsenter på Rovde, Eidså og Åram.

### Folkehelseprofil

Vanylven kommune skårar betre enn landsgjennomsnittet på dei fleste av indikatorane i folkehelseprofilen 2017. Enkelte område skil seg negativt ut – slik som god drikkevassforsyning for heile kommunen; andel med muskel- og skjelettsjukdom og antibiotikabruk.

### 3.2 .2 Allmennlegetenesta i kommunal verksemd

I tabellen nedanfor vert vist det eit oversyn over kommunen sin allmenmedisinske offentlege oppgåver.

Stilling - kan påleggjast	Mengd legeårsverk fastlegar	Mengd fastlegar	Mengd legeårsverk kommunelegar	Mengd kommunelegar
Helsestasjon/skulehelse			0,13	
Svangerskapsomsorg		4		
Legevakt	4 (legevakt turnus)	4		
Sjukeheim kommunalt (inkl. KAD)	4		0,40	
Samfunnsmedisin/ kommuneoverlegefunksjon			0,60	

Tal per 31.12.16

Det er 3 av 4 fastlegar som har allmenmedisinsk offentleg legearbeid.

Dei har pr. i dag 60%, 40% og 13%. I det vidare vil det verta knytt kommentarar til nokon av tenestane frå tabellen over.

#### Helsestasjon, skulehelsetenesta, svangerskapsomsorg

Helsestasjon har 13% legestilling kommunalt. Svangerskapskontroll vert utført av jordmor og fastlege.

#### Legevakt

Vanylven kommune har eigen legevakt, men nyttar interkommunal legevaktsentral i Volda til å ta i mot oppdrag og formidle desse vidare til legane i den lokale legevaktordninga.

Legevakta er bemanna med fire fastlegar.

#### Legetenesta ved Kommunalt akutt døgntilbod (KAD)

Vanylven kommune etablerte i 2012 kommunalt akutt døgntilbod (KAD) ved helse- og omsorgssenteret avd. 2. KAD er betjent personell på avdelinga, samt av legane som jobbar ved det kommunale fastlegekontor på dagtid kvardagar og dessutan ei kommunal tilsynslege. Det er telefonberedskap alle kvardagar og dessutan visittgong og telefonberedskap i helg. . I Vanylven er det små forhold og tilgjengeleg legeteneste døgnet rundt, og legane har derfor god kjennskap til pasientane, og har tett samarbeid seg imellom. Terskelen er lav for legetilsyn på KAD.

## Tilsynslege i sjukeheim

### KOSTRA samanlikning

I tabellen nedanfor vert vist legetimar per bebuar på sjukeheim. Tala viser at Vanylven kommune ligg under dei kommunane vi samanliknar oss med.

	Tilsynslege	Bruk av legevakt	Totalt
Legetimar per veke per bebuar i sjukeheim	0,25	0,1	0,35

KOSTRA tal per 2016

Per november 2017 er det 0,4 årsverk knytt til tilsynslegefunksjon på Vanylven helse- og omsorgssenter. I tillegg kjem bruk av legevakt med om lag 6 timer i veka.

Tabellen nedanfor viser fordeling av legetimar per veke i sjukeheim fordelt på ulike type plassar

Sjukeheim	Langtidsplasser	Korttidsplasser	Rehabilitering, lindrande, forsterka Plassar	* Legetimar pr. veke
Vanylven helse- og omsorgssenter	12	4	4	20

Tal per oktober 2017 .

## Turnuslegar

Vanylven kommune har ikkje turnuslege per dags dato. Dette på grunn av at vi treng minimum 4 fastlegar i Vanylven for å kunne drifte legevakt, og dermed er det ikkje nok pasientgrunnlag i Vanylven til å kunne ha nok pasientar til turnuskandidat.

## Praksiskonsulentordninga

Praksiskonsulentordninga – PKO, inneber at fastlegar er tilsett hos helseføretaka i ei mindre stilling. Ordninga har til føremål å fremja og utvikla samarbeidd mellom fastlegar og sjukehus. Vanylven kommune har praksiskonsulent knytt til seg.

### 3.2.3 Fastlegetenesta

Nasjonale tal viser at på landsbasis er innbyggjaren hos fastlegen sin gjennomsnittleg 2,6 gonger per år.

### KOSTRA samanlikning

I tabellen under vert vist det eit oversyn over mengd legeårsverk per 10 000 innbyggjarar og gjennomsnittlege listelengda per fastlege. Vanylven kommune ligg over når det gjeld legeårsverk i KOSTRA-gruppe 2

	Vanylven			KOSTRA gruppe 2	Landet	
Legeårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	12,6			12,8	10,6	Kommunalt Tilsette legar
Gjennomsnittleg listelengd	596			876		

KOSTRA tal per 2016

### Fastlegedekning Vanylven kommune

I tabellen nedanfor vert vist det ein oversikt over fastlegedekninga i Vanylven kommune.

Mengd heimlar	Mengd avtalar	Mengd legepraksisar	Mengd listepasientar
4	4	4	

Av dei totale 4 fastlegeheimlane er det 4 menn og ingen kvinner. Det er færre pasientar på fastlegane sine lister enn det er innbyggjarar i kommunen.

Dette har samanheng med at innbyggjarar vel fastlege i annan kommune. Både utifrå praktiske årsaker at dei studerer/går på skule andre stader, eller andre grunner. Vi har også innbyggjarar frå andre kommunar som har fastlege i Vanylven.

	Antall pasienter bosatt i Vanylven med fastlege utenfor kommunen				Antall pasienter bosatt utenfor kommunen med fastlege i Vanylven			
	2014	2016	2017	2018	2014	2016	2017	2018
Fastlege i:								
Oslo	14	15	17	13	4	1	2	3
Bergen	18	24	28	28	6	3	2	2
Vågsøy	17	21	21	19	6	3	5	1
Selje	12	19	26	27	11	15	14	14
Eid	11	14	17	16	3	4	1	0
Ålesund	45	45	42	43	30	34	32	21
Sande	29	36	40	46	1	2	3	2
Ulstein	13	24	34	45	10	11	5	6
Volda	55	86	92	88	20	11	9	13
Øvrige	118	121	125	121	26	38	39	46
<b>Totalt</b>	<b>332</b>	<b>405</b>	<b>442</b>	<b>446</b>	<b>119</b>	<b>122</b>	<b>112</b>	<b>108</b>

Tall henta frå Helfos gjesteinnbyggjeroppgjør for fastlegeordninga: <https://helfo.no/gjesteinnbyggjeroppgjor-for-fastlegeordningen>

Samanlikna med nabokommunane er tal på innbyggjarar i kommunen med fastlege i annen kommune slik:

Årstall	Vanylven	Herøy	Sande	Hareid
2014	332	717	654	628
2016	405	1004	564	744
2017	442	1013	568	752
2018	446	766	564	739

Tall henta frå Helfos gjesteinnbyggjeroppgjør for fastlegeordningen: <https://helfo.no/gjesteinnbyggeroppgjor-for-fastlegeordningen>

### Legekontora og lokalisering

Legekontor	Lokalisasjon	Mengd lækjer
Vanylven legekontor	Fiskå	4

### Listelengd

Det vil finnast variasjon av listelengda mellom anna knytt til stillingsprosent og fastlege med liste under oppbygging.

## Kommunalt fastlegekontor

Vanylven kommune har organisert fastlegeordninga som kommunal teneste, for å sikra tilgjenge til allmennlegetenestar til dei som står utanfor fastlegeordninga, som til dømes asylsøkarar, sikre større fleksibilitet for å dekkja kommunale legeoppgåver og dessutan sikre utviklingsarena for samarbeidsrutinar mellom fastlegar og dei andre kommunale tenestar.

### 3.3 Status

Kommunen skal sikra at innbyggjarar har tilgjengelege legetenestar av god kvalitet og som samhandlar godt med dei andre kommunale tenestar og spesialisthelsetenesta. Målet er endring i frå reparasjon og behandling til førebygging og tidleg innsats.

Oppgåveoverføringa frå spesialisthelsetenesta, og den endra profil til tenesta, medfører at brukargruppa i dag har meir komplekse medisinske problemstillingar enn tidlegare.

Legetenesta i Vanylven er positive og lette å samarbeide med. Det har ikkje vore vanskeleg å gjennomføre endringar og nye prosjekt, og vi opplever fleksibilitet, mellom anna KAD senga, der legane i Vanylven er fleksible med omsyn til legebesøk, i motsetnad til mange andre kommunar som har problem her. Det er eit positivt og godt tverrfagleg samarbeid i Vanylven kommune.

#### 3.3.1 Allmennlegeteneste i kommunal verksemd

##### Helsestasjon, skulehelseteneste, svangerskapsomsorg

Helsestasjons- og skulehelsetenesta skal vektleggje ressursar som fremmer helse og positiv utvikling hos barn, unge og familiar. Oppfølginga skal omfatte barnet sin fysiske og

psykososiale utvikling samt bidra til gode oppvekstvilkår. I tillegg skal tenestane fanga opp risikofaktorar, problem og skjevutvikling, og dessutan setje inn naudsynte førebyggjande tiltak. Tenestar knytte til helsestasjon, skulehelseteneste og svangerskapsomsorg er knytt til avdelinga barn- og unge. Legetenesta i desse tenestane er organisert under helse og omsorg.

Jordmor i Vanylven har no skaffa seg kompetanse til å ta celleprøver og etter kvart sette inn spiral, noko som mange nyttar seg av da vi ikkje har kvinneleg lege i Vanylven. Lege og jordmor har eit godt samarbeid på dette området, og jordmor henvisar vidare til lege om ho finn behov for det.

Om lag 90 % av dei gravide nyttar kommunal jordmorteneste. I svangerskapsrettleiaren står det at den gravide sjølv kan velje om ho vil gå til jordmor, lege eller ein kombinasjon. Dei gravide vel ofte jordmor. Når kvinna har ein sjukdom eller det er eit komplisert svangerskap gir jordmor informasjon om at vedkommande bør ha ein legetime eller fleire. Jordmor sender også kvinna til lege om det er behov for å ta spesielle blodprøver. Fastlegen kjenner ofte kvinna og helsa til familien hennar, og vil slik sett kunne følgja opp ved eventuelt sjukdomstilfelle.

Svangerskapsomsorga, helsestasjon og skulehelsetenesta har elektronisk kommunikasjon med fastlegane. Samstundes er dei samlokalisert, og har derfor eit tett samarbeid

### **Legeteneste ved Kommunalt akutt døgntilbod (KAD)**

#### **Kommunalt akutt døgntilbod somatikk/eldre**

Kommunalt akutt døgntilbod (KAD), er kommunale sengeplassar som allmennlegar, legevakt og akuttmottak kan henvise brukarar til for dei som har ein avklard diagnose og som er i behov av innlegging i institusjon, men ikkje treng sjukehusinnlegging.

Frå 1.1 .16 er KAD ei lovpålagt teneste som er lokalisert til Vanylven helse- og omsorgssenter. Tenesta er i full drift med 1 sengeplass. KAD-tilbodet krev ei høgare legedekning enn andre kommunale institusjonssenger. Det skal vere dagleg visitt og tilgjenge til legar på kveldstid. Akutt hjelp på natt i vert vareteke av legevakta. Dei fleste vert innlagt frå legevakta.

Antal innleggingar	2013	2014	2015	2016	Antal dagar
	39	44	53	23	1-5 dagar

Tal frå andre kommunar som starta opp viser noko av den same tendensen. Kommunane som starta opp med KAD-plassar i 2013 har ein høgare beleggsprosent enn dei som starta opp i 2015 . Vi forventar difor ein høgare beleggsprosent dei neste åra. Dei fleste vert lagt inn frå legevakta. Den ledige kapasiteten vert utnytta i periodar til korte korttidsopphold.

#### **Kommunalt akutthjelp døgntilbod, psykisk helse og rus**

Det vert frå 2017 ei lovpålagt innføring av kommunale akutte døgnplassar (KAD) òg for psykisk helse- og rusfeltet. I følgje Helsedirektoratet vil omfanget av desse kommunale akutte døgnplassane vere mindre enn innanfor somatikken. Kommunen står fritt til å velje korleis dette skal organiserast. I dei tilfelle det er mogleg, vil ein kunne bruke noverande kommunale ø-hjelps tilbod.

### **Tilsynslege i sjukeheim**

Sjukeheim er eit tilbod til eldre med stort behov for medisinsk fagleg tilsyn, pleie og omsorg, og dessutan plassar for demente med behov for eit skjerma tilbod. Det vert gjeve både tidsavgrensa opphald (korttidsopphold) og langtidsopphold. Legeoppgåvene skal sikra at alle pasientar i sjukeheimane får naudsynte legetenestar.

KOSTRA tal for 2016 viser at Vanylven kommune er under kommunegruppe 2 når det gjeld legetimar per veke per bebuar. For å sikra framtidig dekningsgrad i tråd med måltallet, er det politisk vedtak på å utgreie bruk av underetasjen i den gamle sjukheimen.

### **Legetenestar i omsorgsbustad med heildøgntenestar**

